



«Et virkelig matjordvern krever upopulær styring og nasjonal maktbruk.»

Kommentar side 3 • Hans Bårdsgård

NATIONEN

DISTRIKTENES NÆRINGSAVIS · Nr. 37 · Tirsdag 13. februar 2018 · www.nationen.no

Flere leser
Nationen
+7,2%



Foto: Mostphotos

Gartnerforbundet:

Tolljuks danker ut norsk ildtopp

Norske gartnerier blir utkonkurrert av aktører som jukser med blomsternavn for å unngå toll på import, ifølge Gartnerforbundet, som krever at regjeringen griper inn. Side 4–5



LANDBRUK · 8–9

Ber staten få fart på klimatiltak for bønder

Regjeringen er for passiv og har gjort lite for å kutte klimautslipp i landbruket, mener Reidar Almås i ny bok.



LANDBRUK · 6

Får forsker-støtte etter kritikk

– Konkurransetilsynet tolker regelverket for snevert når det advarer svine- og saue-næringa mot å snakke om tiltak mot overproduksjon, sier NIBIO-forsker.

NÆRINGSLIV · 12–14



«Ubrukelig» mel blir snacks

Elin Anita Aasland baker snacks med mel som ikke kan brukes til brødbaking.

Selger Jøtul til oppkjøpsfond

Industri. Det svenske oppkjøpsfondet Ratos selger ovnsprodusenten Jøtul for 360 millioner kroner til et annet oppkjøpsfond, OpenGate Capital.

Ratos eier 93 prosent av Jøtul.

Investeringen har ikke vært spesielt lønnsom for Ratos, oppgir selgeren selv i en pressemelding. Selv om salget gir

en positiv nettoeffekt på 40 millioner svenske kroner, er den årlige gjennomsnittlige avkastningsraten negativ.

Jøtul har i dag produksjonsanlegg i Norge, Danmark og USA. Ifølge Ratos hadde ovnsprodusenten en omsetning på 898 millioner kroner og et netto driftsresultat (EBITA) etter avskrivninger på 11 millioner kroner de siste 12

måneder per 30. september i fjor.

Jøtul ble startet i 1853, men var på konkursens rand på slutten av 1920-tallet, da selskapet ble overtatt av Johannes Gahr, morfar til Jonas Gahr Støre. Gahr fikk skuta på rett kjøp, og selskapet ble solgt til Norcem-konsernet i 1977, skriver Nettavisen. ©NTB



Foto: Mariann Tvete

• Landbruk



Klimatiltak: Regjeringa har vore for passiv og gjort for lite for å få ned utsleppa i landbruket, ifølgje professor og landbruksforskar Reidar Almås, som i ei ny bok lanserer fleire nye

Ber staten få fart på klimaat

Regjeringa er for passiv og har gjort lite for å kutte klimautsleppa i landbruket ifølgje Reidar Almås, som lanserer bok om klimasmart landbruk.



I dag lanserer professor og seniorforskar ved Ruralis, Reidar Almås, boka «Klimasmart landbruk - korleis kan norsk landbruk bidra til det grønne skiftet?». Jordbruket står i dag for rundt 8,5 prosent av dei norske utsleppa av klimagasar ifølgje Statistisk sentralbyrå

(SSB). I åra framover vil jordbruket måtte kutte utsleppa kraftig sidan regjeringa vil forplikte seg til at ikkje-kvotepliktig sektor, der jordbruket er med, skal redusere utsleppa med 40 prosent innan år 2030. Almås er ikkje imponert over den landbruksretta klimainnsatsen så langt og seier regjeringa har vore for passiv.

– Ja, eg vil seie at regjeringa har vore for passiv. Vidar Helgesen var som klimaminister

høg og mørk internasjonalt, men gjorde lite i Norge. Eg håper vi får eit taktskifte med Venstre i regjering og eg reknar med at Ola Elvestuen leverer på heimebane, seier Almås, som gir uttrykk for at han ventar at startskotet nå vil gå for å spisse landbrukspolitikken meir mot klimatilpassing og klimatiltak.

Vil gi investeringsstøtte

Almås seier mange av klimatililtaka òg vil vere lønsame for landbruket på sikt, men at det tar tid for bøndene kan hauste av innsatsen. Derfor meiner han staten må stille opp med pengar til investeringar. Almås trekker parallellar til oljenæringa.

– Det er som med olja. Det må investeringar til før inntektene kjem. Næringa og samfunnet må ta det løftet i fellesskap. Både privat og offentleg kapital må til. Studiar viser at klimatilpassing er lønsamt, men inntektene kjem ikkje i morgon. Dei kjem på lang sikt. Det er litt som skogplanting, seier Almås, som seier ein i ein del tilfelle må sjå investeringane over generasjonar.

Sjølv om Almås trekker parallellar til oljenæringa vil han ikkje ta til orde for eit liknande skatte-regime som i olja der 78 prosent av investeringane kan skrivast av på skatten.

– Eg nøler med å bruke ordet oljeskatt for dei skattefordelane er så upopulære. Eg vil heller ha ei liknande ordning som på 80-talet der bønder slapp å betale skatt på det som blei set av til mil-

Investeringsstøtte

«Det er som med olja. Det må investeringar til før inntektene kjem.»

Reidar Almås, seniorforskar med bok om klimasmart landbruk

Næringslivet brukte mer på forskning

Innovasjon. Næringslivet utførte forskning og utvikling (FoU) for om lag 29,5 milliarder kroner i 2016, viser tall fra SSB. Dette er en vekst på 6 prosent fra 2015.

Målt i faste priser var veksten nesten 4 prosent, opplyser Statistisk sentralbyrå. Sammenlignet med rekordveksten de to foregående årene regnes veksten imidlertid som moderat.

For foretak i tjenesteytende næringer har veksten de siste årene vært

betydelig, og veksten fortsatte i 2016. Kostnadene til egenutført FoU økte med 1,5 milliarder kroner eller 10 prosent sammenlignet med 2015. Litt over halvparten av næringslivets FoU ble utført i tjenestenæringene. IKT-tjenester er den enkeltnæringen med mest FoU, og de har hatt en vekst på 19 prosent.

Andelen kvinner blant næringslivets FoU-personale har bare økt med 1 prosentpoeng fra rundt 20 prosent i 2007 til rundt 21 prosent i 2016. ©NTB



Foto: NTB scanpix



Biogass: Betre investeringsvikår for bruk av husdyrgjødsel til biogass er blant tiltaka Almås foreslår. Foto: Bjarne Bekkeheien Aase



Utslepp: Rundt 8,5 prosent av dei norske klimautsleppa er frå jordbruket, der mykje kjem frå storfe. Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

til klimatilpassing for landbruket.

Foto: Siri Juell Rasmussen

Tiltak for bønder

joinvesteringar. Kall det gjerne klimatilpassing med skattefordel, seier Almås, som trekker fram satsing på biogassanlegg som døme.

– Der trengst store investeringar som kan betalast tilbake når inntektene kjem. Det er like moralsk rett at staten gir skatteincentiv til bønder for å investere i biogass som at oljeindustrien får det, seier han.

Almås seier første høve til å kome med nye landbruksretta klimatilpassing er i jordbruksoppgjoret til våren.

– Eg reknar med at det vil kome klimatilpassing i både kravet frå jordbruket og i tilbodet frå staten. Det trengst både pisk og gulrot. Eg meiner derimot ein skal vere

forsiktig med å legge på store avgifter, seier Almås.

I statsbudsjettet til hausten seier Almås det først og fremst må kome «gulrøter».

– Der må det først og fremst kome tiltak som støttar investeringar i klimatilpassing. Det er eit samfunnsansvar. Vi må spisse landbruksmodellen meir mot klima at vi kan sjå barnebarna våre i auga, seier han.

Går inn for fem tiltak

Almås har oppskrifta for klimatilpassing klar. Han seier at om han var klimaminister for ein dag ville han starta med følgjande fem tiltak:

• biokol for karbonbinding og jordforbetring

- klimatilpassing på gardsnivå
- sterkare stimulans til beite på inn- og utmark
- biogass frå husdyrgjødsel
- stimulans til hogst og meir tre i bygningar

– Deter tiltak som kan gjennomførast raskt, men det krev prioritering. Teknologien byr på mange framsteg, men den kan ikkje løyse alt. Både bøndene, organisasjonane og politikarane må sjå kva som er mogleg og gripe sjansane. Og det er ingen grunn til å deppe. Klimatilpassing er både nødvendige og lønnsame, seier Almås.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

Notert



Meir miljøvennlege: Ferjer i Geiranger.

Foto: NTB scanpix/NPK

Reiarlag vil satsa på el-ferje

Geiranger. Går det som reiarlaget The Fjords håpar på, kan det om eit par år vera mogleg å setja inn ei el-ferje mellom Geiranger og Hellesylt som greier seg med ein ladestasjon.

The Fjords har dei siste åra fått mykje merksemd for den batteri- og dieseldrivne turistbåten «Vision of the Fjords». Snart får den prislønte turistbåten eit nytt miljøvennleg søsterskip som greier seg med berre batteri.

Nettavisen nett.no fortel at reiarlaget no også ser på fleire alternativ til meir miljøvennleg ferjedrift på Geirangerfjorden. Alternativa dreier seg både om å byggja om dagens ferjer til hydrogendrift, ferjer som går på naturgass eller som blir drivne på rein el-drift. Men før selskapet investerer i ny teknologi er administrerende direktør Rolf Sandvik tydeleg på at reiarlaget treng ei avklaring rundt konsesjonen dei har til å driva ferje på Geirangerfjorden. Konsesjonen selskapet har i dag går ut i 2022. ©NPK

Konkludert i halvparten av sakene

Varsling. Fremskrittspartiet har konkludert i om lag halvparten av de sju varslingssakene de har fått på bordet siden november.

Det opplyser Helge André Njåstad, stortingsrepresentant og leder av partiets organisasjonsutvalg, som behandler sakene, til NTB.

Njåstad vil ikke kommentere innholdet i de andre sakene organisasjonsutvalget jobber med, eller hvem det er varslet mot. Utover saken mot stortingsrepresentant Ulf Leirstein, som har trukket seg fra sine tillitsverv, er det ingen som er møtt med reaksjoner fra partiet, opplyser Njåstad. ©NTB

Fakta

Landbruk og klimautslepp

• Klimagassutsleppa frå jordbruk, slik SSB definerer det, var 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2016, ned 5,4% sidan 1990.

• Norge vil forplikte seg til 40% utsleppskutt innan 2030 i ikkje-kvotepliktig sektor, der jordbruk inngår, i tråd med EUs plan for kuttfordeling.

• Biogass frå husdyrgjødsel kan kutte 160.000 tonn CO₂-ekviv. pr år til 430 kr pr tonn i samfunnskostnad, ifølgje ein analyse som kom for eitt år sidan. Andre anslag viser større effekt om biogassen erstattar fossilt brensel.